ALVER
KOMMUNE

Stendal Vvs As
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:W5PSF8-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 28.10.2022 |
| Vår: 22/6255 - 22/82180 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Godkjent rørleggermelding - utslepp av basseng vatn - gbnr 137/569 Alver

Me viser til røyrleggarmelding motteke 23.08.2022 med vedlagd situasjonsplan(VA-kart)

| | |
| --- | --- |
| **Adresse byggeplass:** | Ikenberget 33 A og B |
| **Type bygg:** | Eksisterande bustad med kjellarhusvære |
| **Type arbeid:** | Kommunalt vatn og avløp, utsleppsløyve bassengvatn av 24.10.2022. ) |

## Røyrleggjarmeldinga er godkjend på følgjande vilkår:

**Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, tekniske og administrative bestemmelsar.**
Stikkleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om tilknyting, kap.2.1. Adm. bestemmelsar. Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelsar.

**Vassmålar:**
Det skal installerast vassmålar på hovudinntaket til bustaden. Vassmålar får ein ved å venda seg til VA-avdelinga på driftsstasjonen på Stølen 7. Registreringsskjema for vassmålar skal sendast inn saman med ferdigmeldinga. Vassmålar skal avlesast årleg av abonnenten.

**Utsleppstad:**
Bassengvatn skal ikkje sleppast ut på kommunalt avløpsnett, men skal førast på overvassnett som er lagt til sjø. Røyrleggar plikter å undersøkje kor det er mogleg å knytte utslepp på overvassnett. Tømming av basseng må utførast over tid og ikkje styrttappast.

**Søknadsplikt etter plan og bygningslova:**
Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.
Ev. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrforskrift.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug | post@alver.kommune.no | Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 | www.alver.kommune.no | Organisasjonsnummer: 920 290 922

**Tilknytingsgebyr:**
Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar. Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkja dette før oppstart.

**Ferdigmelding:**
Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa røyrføring frå basseng til tilkoplingspunkt på kommunal overvassnett.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

**Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.**

**Endring av tilknyting til kommunalt vatn/avløp**
Alle endringar i ettertid, som medfører vesentlege endringar i vassforbruk eller utslepp, krev løyve frå kommunen, og skal om søkjast. Søknad skal skje på røyrleggjarmelding KF-570.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stendal Vvs As | Blombakken 1 | 5911 | ALVERSUND |